

# Sogn og Fjordane Ungdomslag

ORGNR. 974805677  
WWW.SOFUL.NO  
WWW.FACEBOOK.  
COM/SOFUL/

## PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG SØNDAG 10. MARS. KL. 13.15 BALESTRAND BYGDAHUS, BALESTRAND

### Deltakarar på årsmøtet.

Lag	Namn	Lag	Namn
Lavikdal UL	Brit Strandos	Førde UL	Arve Hornnes
Lavikdal UL	Terje Strandos	Førde UL	Kari Søreide Instebo
Kyrkjebø UL	Olav Luggenes	Undredal UL	Olaf Skjerdal
Leikanger UL	Heidi Ravnestad	SOFUL	Hildegunn Risnes Gjelsvik
Leikanger UL	Astrid H. Bolstad	SOFUL	Knut P. Bøyum
Leikanger UL	Lise Olsmo Oen	SOFUL	Jorunn Sundal
Balestrand UL	Gard E. Høyvik	SOFUL	Inge Masdal
Balestrand UL	Marianne Hoff	SOFUL/Dale UL	Alf J. Bråtane
Balestrand UL	Merete Sande	HiB/SOFUL	Christoffer Knagenhjelm
Balestrand UL	Siril Sellereite		

**Vertskap for årsmøtet var Balestrand UL. Laget fekk aktivitetsprisen i 2018. Årsmøtet var innleia med framsyning frå bandet Secondhand Saint som representerer Balestrand i UKM. Leiar av Balestrand UL, fortalte deretter litt om aktivitetane til laget. Styret i SOFUL takker for godt vertskap!**

### Årsmøtesaker:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av møteleiar, referent og to til å underteikne protokoll
3. Årsmelding, SOFUL og HiB
4. Rekneskap for 2018
5. Budsjett 2019
6. Arbeidsplan. Styret viser til søknad om kulturstøtte for oversikt over prioriterte arbeidsområde i 2019
7. Framlegg om årsmøtestad i 2020
8. Minneord om Petter K. Eide
9. Orientering om konto registrert på Sunnfjordfilmen
10. Forslag til at kasserar og styreleiar får fullmakt frå årsmøtet til å disposisjonsrett til kontoar tilhøyrande SOFUL
11. Val: Styre med vara, revisorar og valnemnd. Innstillingar blir gjort kjent i møtet om ikkje ferdig før
12. Aktivitetsprisen 2019



## **SAK 1. OPNING OG KONSTITUERING AV ÅRSMØTET**

*Innkalling og sakliste vart godkjent*

## **SAK 2. Val av møteleiar, referent og to til å underteikne protokoll**

- Arve Hornnes vart samrøystes godkjent som møteleiar.
- Christoffer Knagenhjelm vart samrøystes godkjent som referent.
- Olav Luggenes og Knut P. Bøyum samrøystes valt til å signere årsmøtereferatet.

## **SAK 3. ÅRSMELDINGAR FRÅ STYRET**

Årsmelding frå styret vart gjennomgått av styreleiar Hildegunn R. Gjelsvik.

Det var ingen kommentarar til årsmeldinga for SOFUL.

Årsmelding frå HiB vart gjennomgått av Christoffer Knagenhjelm.

Det var ingen kommentarar til årsmeldinga for Huset i bygda.

***Vedtak: Årsmøtet godkjende samrøystes årsmelding for SOFUL 2018 og årsmelding for HiB 2018.***

## **SAK 4. REKNESKAP FOR 2018**

Jorunn Sundal la fram rekneskapan for 2018, inkludert prosjektrekneskap for «Jol i Sogn» og Huset i bygda og las opp revisjonsmeldinga frå Ingvar Linde.

- SOFUL drift: Underskot på kr. – **95 241,26**
- Huset i bygda: Underskot på kr. – **93 853,00**
- Jol i Sogn: Overskot på kr. **32 367,16**

***Vedtak: Årsmøtet godkjente samrøystes rekneskapan for 2018 for SOFUL og HiB***

## **SAK 5. BUDSJETT FOR SOFUL OG HUSET I BYGDA, 2019**

Jorunn Sundal informerte og la fram budsjett for 2019 for SOFUL. I budsjettet er det lagt opp til underskot på lagsdrifta - 95 670. Budsjettet vil gå i balanse ved bruk av kapitalreservar. Styret vil òg prioritere å sjå på om- og korleis det er mogleg å redusere underskotet.

Christoffer Knagenhjelm la fram budsjettet for HiB. Føresetnad er at Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører utviklingsavtalen for 2019. I tillegg har HiB inngått avtale med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om å administrere tilskota til lokale kulturbygg. HiB vil få eit vederlag på inntil 32 500,- for dette. I tillegg vil SOFUL gå inn med 112 100,- i egne midlar.

***Vedtak: Årsmøtet godkjente samrøystes budsjetta utan merknadar***



## SAK 6. ARBEIDSPLAN

Christoffer Knagenhjelm orienterte om styret sin arbeidsplan for 2019. Planen tek utgangspunkt i søknad om kulturmidlar til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Kommentarar:

- Olav Luggenes: Har fylkeskommunen signalisert noko om SOFUL og Hordaland Ungdomslag (HU)?

Inge Masdal og Christoffer Knagenhjelm svarde med at styret forsøker å finne ei felles plattform for samarbeid med HU der det var naturleg. Felles barnestemnet er døme på dette. Styret ser elles at store reiseavstandar er eit argument mot samanslåing av fylkeslaga.

Styret arbeider vidare med å sikre finansiering av HiB etter 2019. Samanslåing av fylka gjer at alle fylkesdekkande lag og organisasjonar må søke om driftsmidlar innan 1. april. Det positive med denne ordninga er at SOFUL få svar inneverande år, noko som gjer planlegging av aktivitetar lettare (før fekk ein melding om tilskot for same året ein søkte).

Når det gjeld HiB er styret open for at det kan kome krav frå nye Vestland fylke om at ordninga skal gjelde heile det nye fylket. Søknadsfrist for driftstilskot er 1. april 2019 for 2020. Dette er i så fall noko SOFUL må ta stilling til når den tid kjem.

***Vedtak: årsmøtet godkjente samrøystes arbeidsplanen.***

## SAK 7. FRAMLEGG OM ÅRSMØTESTAD I 2020

Denne saka vart handsama som orientering frå styret. Frå styret sin side er det ønskjeleg at årsmøtestad vert bestemt så tidleg som mogleg og helst året før neste årsmøte.

Det kom framlegg om å spørje Heimhug UL (Norddalsfjord) om dei vil vere vertskap i 2020. Ev. kan ein spørje det lokallaget som får aktivitetsprisen om å vere vertskap.

***Styret tok innspela til vitande og vil spørje Heimhug UL, ev. Oppstryn UL om å vere vertskap.***

## SAK 8. MINNEORD OM PETTER K. EIDE

Æresmedlem Petter K. Eide døyde desember 2018. Minneord etter Petter Eide vart lest opp på årsmøtet. Delar av NRK-programmet «Etter Fjøstid» med Petter K. Eide vart òg vist.

## SAK 9. ORIENTERING OM KONTO REGISTRERT PÅ SUNNFJORD UNGDOMSLAG

Styret viste til årsmøtesak i 2018 om konto etter Sunnfjordfilmen. Dette er ein film som bygger på filmmaterialet frå Dagfinn Reiakvam. Olav Reiakvam har digitalisert filmen. Styret fekk i etterkant vite at nemnda for Sunnfjordfilmen hadde inngått avtale med Olav Reiakvam om at midlane på kontoen skulle tilfalla ham, noko styret ikkje har innvendingar til.

Olav Reiakvam var til stades på årsmøtet og viste store deler av filmen. Filmen er basert på materialet frå slutten av 1950- og byrjinga av 1960-talet. Mykje av filmen viser gards- og støsliv, samt fotturar i fjellet og viser brytningstida mellom ny og gamal tid og er viktig dokumentasjon på eit land i endring.

*Årsmøtereferat SOFUL 10. mars 2019*





## **SAK 10. FORSLAG TIL AT KASSERAR OG STYRELEIAR FÅR FULLMAKT FRÅ ÅRSMØTET TIL Å DISPOSISJONSRETT TIL KONTOAR TILHØYRANDE SOFUL**

I dag må kasserar og styreleiar be rekneskapsføraren om kopi av kontoversikt. Som del av budsjett og økonomistyringa ber styret om at kasserar og styreleiar får disposisjonsrett til kontoar tilhøyrande SOFUL. Rekneskapsførar vil framleis stå ansvarleg for utbetalingar etter attestering frå styreleiar og kasserar.

***Vedtak: Årsmøtet godkjente samrøystes at kasserar og styreleiar får disposisjonsrett til kontoar tilhøyrande SOFUL.***

## **SAK 11. VAL**

Framlegga frå valnemnda vart presentert av leiar av valnemnda, Arve Hornnes.

- Leiar: Hildegunn Gjelsvik, attvald 1 år
- Styremedlem: Knut P. Bøyum, attvald 2 år
- Styremedlem: Jorunn Sundal, attvald 1 år
- Styremedlem: Inge Masdal, ikkje på val
- Styremedlem: Olaf Skjerdal, ny 2 år

Varamedlemer for eitt år:

1. vara Asbjørn Eikerol, ny 1 år.
2. vara Anne Tykhelle, attvald 1 år.
3. vara Arve Slettenes, attvald 1 år.

Styret i 2019 blir etter dette slik:

- Hildegunn Gjelsvik, leiar. På val i 2020
- Knut P. Bøyum, styremedlem. På val i 2021
- Jorunn Sundal, styremedlem. På val i 2020
- Inge Masdal, styremedlem. På val i 2020
- Olaf Skjerdal, styremedlem. På val i 2021

***Vedtak: årsmøtet godkjente samrøystes valnemnda sin innstilling***

## **SAK 12. AKTIVITETSPRISEN**

I år fekk vi inn åtte årsmeldingar, noko som er ein liten auke frå 2018. Styreleiar Hildegunn R. Gjelsvik orienterte om prisen. Aktivitetsprisen går i år til eit lag som viser god og variert aktivitet for alle aldersgrupper. Dei har gjennom året blant anna arrangert fleire aktivitetsskveldar med ulike aktivitetar som til dømes brettspel, biljard, bordtennis, fotball og gode måltid saman.

Dei har hatt påskerevy med fullt hus. Dette var ein morosam og innhaldsrik revy, som dei har fått mykje skryt for. Dei har arrangert «ta sjansen» under jonsokfeiring, her var det mange deltakarar og framømte. Dei har arrangert pubquiz, også her var det stort oppmøte og god stemning. Dei har også delteke i «Kven veit?» med to lag.

Det er alltid kjekt å dele ut aktivitetsprisen, for i tildelingsprosessen får vi veldig god oversikt over kva for aktivitetar alle laga driv med, vi ser det er stor variasjon i aktivitetane, og det er viktig.



**Aktivetsprisen 2018 vart tildelt Oppstryn Ungdomslag. Prisen er eit diplom og 4 000 kr.**

*Balestrand 10.03.19*

*Referent*

Christoffer Knagenhjelm

- Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

Olav Luggenes



Knut P. Bøyum

